



Trivsel- og ordensreglar for Flatdal Skule

Mål:

På Flatdal Skule skal alle elevar ha eit trygt og godt læringsmiljø.

1. Me viser god folkeskikk og tek omsyn til kvarandre.
2. Me møter presis til timane og har med rett utstyr.
3. Ver forsiktig når du går eller sykklar til og frå skulen. Elevar på 1.-4. trinn bør sykle i lag med ein vaksen. Hugs hjelm om du sykklar. Det er føresette som avgjer om eleven kan sykle til skulen eller ikkje (jf. forskrift til Opplæringslova paragraf 12-1, punkt d "Tryggleik for elevane")
4. Alle busselevar ventar oppe ved øvre inngang/ballbingen. På bussen forhold me oss til reglane som gjeld der. Hugs busskort.
5. Me lar uteklede henge i garderoba. Det gjeld også caps og luer.
6. Me må halde ro og orden i klasserommet og i garderobane.
7. Me brukar innestemme og går i gangane.
8. Ut i alle friminutt, med mindre det er kaldare enn – 15 grader.
9. I skuletida er me på skulens område.
10. Bruk av Internett: Me skal fylgje reglar og rutinar skulen har for bruk av Internett. (- sjå egne reglar)
11. Ta vare på utstyr og inventar . Me let det andre eig vera i fred. Ved uvøren framferd må heimen erstatte skaden.
12. Alle er med og ryddar uteområde når friminutta er slutt.
13. All leik må gå føre seg slik at ingen vert skada. Alle må få høve til å vera med i leiken. Lærar kan stoppe all farleg leik.
14. Søtsaker og drikke med sukker tek me berre med etter avtale med lærar.

15. Rusmiddel, røyk og farlege gjenstandar er ikkje tillat å ha med på skulen.
16. Mobiltelefon og andre elektroniske apparat skal liggje avslått i sekken så lenge du er på skulen sitt område.
Dette skjer når regelen blir broten:
1.gong: Eleven får att mobilen/ elektroniske apparat kl. 14.10.
2.gong: Føresette må hente mobilen/elektroniske apparat på skulen.
17. Snøball kastar me berre mot blinken.
18. Føresette gir skulen skriftleg melding når eleven har vore borte.

Bryt ein elev reglane, kan følgjande bli:

- Samtale og åtvaring
- Telefon til heimen
- Samtale mellom heim, elev og lærar
- Eleven må rydde/reparere og erstatte det som er øydelagd
- Bortvisning frå enkeltimar eller for resten av dagen (§ 2-9, 4.ledd og § 2-10 i opplæringslova samt reglane om sakshandsaming i forvaltningslova).

Kommunikasjon heim - skule

For å få ein trygg skule med eit godt læringsmiljø, er me avhengige av godt samarbeid og kommunikasjon mellom elevar, skule og føresette.

- Skulen skal ha skriftleg melding når eleven har vore borte frå skulen.
- Ved skulestart for føresette og elevar orientert om kva for reglar som gjeld på skulen.
- Foreldremøte og utviklingsamtala kvart halvår og elles når det er naudsynt.
- Skulen ynskjer ein open og god dialog mellom elevar, heim og skule.

Me har lese gjennom trivsel – og ordensreglane som gjeld på skulevegen og på skulen.

Elev

Føresette

